

Retningslinjer for forskottering av spelemidler i forbindelse med spelemiddelsøknader

Innhald

1. Heime, føremål og omfang.....	1
2. Målgruppe	1
3. Kven tildelar midlane og korleis vert dei fordelt?	1
4. Vilkår.....	2
5. Rutinar for utbetaling og rapportering.....	2
6. Medverknad: uttale frå Askvoll idrettsråd	2

1. Heime, føremål og omfang

Dei siste åra har det kome inn fleire søknader om kommunen kan låne/forskottere spelemiddelsøknader i påvente av at søker skal få omsøkte spelemidler. Kommunen har ikkje hatt som praksis å forskottere spelemidler til anlegg som ikkje er kommunale. For lik handsaming av søknader ser ein behov for å ha retningslinjer for slike søknader, der det går fram ev. kor mykje kommunen kan forskottere, krav som skal gå fram før utbetaling, kven som kan søkje m.m.

2. Målgruppe

Ordninga gjeld utbygging og rehabilitering av private anlegg for idrett og fysisk aktivitet.

Lag og organisasjonar som oppfyller krava til å kunne søkje tilskot jf. gjeldande føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, kan søkje om forskottering av spelemidler.

3. Kven tildelar midlane og korleis vert dei fordelt?

Forskottering og tildeling vert gjort av kommunestyret.

Forskotteringa skal gjerast i samband med handsaming av prioritering av Askvoll kommune sine søknader om spelemidler.

Kommunen forskottera inntil 50 % og maksimalt kr. 200 000 i spelemidler av godkjent søknadssum til kvart enkelt tiltak, inkludert momskompensasjon. Lånet/forskotteringa er rentefritt. Forskottering vert utbetalt når søknaden er godkjent av Vestland fylkeskommune/ Kulturdepartementet, medio juni.

4. Vilkår

Følgjande vilkår må vere oppfylt:

- Anlegget skal vere del av handlingsprogram over anlegg som er i posisjon til å søkje om spelemidlar.
- Anlegget må vere spelemiddelberettiga i samsvar med Kulturdepartementets *Bestemmelsar om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet*.
- Forskottering av spelemidlar krev godkjent spelemiddelsøknad av Vestland fylkeskommune/Kulturdepartementet.
- Dersom kommunen sin økonomi ikkje tillèt at alle søknader kan forskotterast, skal det prioriterast å forskottere anlegg som treffer godt på mål og strategiar i kommuneplanen sin samfunnsdel og kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv.
- Anlegget skal vere fullfinansiert.

5. Rutinar for utbetaling og rapportering

Før kommunen betalar ut forskottering, må det gå fram at søknaden er godkjent av Vestland fylkeskommune/Kulturdepartementet. Når kommunen mottar ei slik godkjenning, kan det betalast ut forskottering.

Askvoll kommune kan krevje tilbakebetaling av tilskotet dersom prosjektet ikkje vert realisert eller ikkje vert gjennomført i samsvar med Kulturdepartementet sine gjeldande føresegner for dei einskilde anlegg.

6. Medverknad: uttale frå Askvoll idrettsråd

Framlegg til vedtak for tildeling vert sendt til uttale til Askvoll idrettsråd. Eventuell uttale vert lagt fram i kommunestyremøte.